

Felles IKT-strategi 2015 – 2018

*for kommunane Austrheim, Fedje,
Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen,
Osterøy, Radøy og Vaksdal*

*Saman skal me fornye og levere digitale tenester
som gir innbyggjarane og næringsliv et reelt
digitalt fyrsteval*

Innhald

Innhald.....	1
Innleiing	3
Status og strategiske hovudpunkt.....	3
Status.....	3
Strategiske hovudpunkt	3
Hovudsatsingsområde Digital Dialog.....	4
Status.....	4
Mål for satsingsområde Digital Dialog	4
Utvikling på prioriterte tenesteområde	5
Helse og velferd.....	5
Status.....	5
Mål for satsingsområde Helse og velferd.....	5
Oppvekst og utdanning	5
Status.....	5
Mål for satsingsområde oppvekst og utdanning.....	6
Plan, bygg og geodata.	6
Status.....	6
Mål satsingsområde Plan, bygg og geodata	6
Satsingsområde IKT-fundamentet.....	7
Strategisk leiing og IKT.....	7
Status.....	7
Mål for satsingsområde Strategisk leiing og IKT	7
Kompetanse.....	7
Status.....	8
Mål for satsingsområde Kompetanse	8
Arkiv og dokumenthandtering.	8
Status.....	8
Mål for satsingsområde Arkiv og dokumenthandtering.	8
Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik.	9

Status.....	9
Mål for satsingsområde Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik.....	9
Arkitektur og Standardar.....	9
Status.....	9
Mål teknologiarkitektur.....	9
Mål og prinsipp for Informasjonsarkitektur	10
Vedlegg 1: Oversikt over IKT løysingar i skulen.....	11
Vedlegg 2: Virksomhetsarkitektur.....	12

Innleiing

Dette dokumentet er vår felles IKT strataegi for regionen og beskriv dei viktigaste prioritane, måla og satsingsområda for åra 2015 til 2018. Etter at strategien er vedteken, vil det verta utarbeid ein tiltaksplan som meir detaljert skildrar korleis strategien skal setjast ut i livet.

Visjonane frå tidligare strategiperiodar vert vidareført i visjonen for denne strategiperioden. Me skal leggja til rette for felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk. Me er på veg, og me skal vidare.

Saman skal me fornya og levere digitale tenester som gir innbyggjarane og næringsliv et reelt digitalt fyrsteval.

Status og strategiske hovudpunkt.

Status

- Vårt IKT-samarbeid er godt og konstruktivt og har gitt gode resultat både i form av reduserte kostnader, raskare IKT utvikling og betre tenester.
- Me har god og effektiv IKT-drift og -forvaltning.
- Me har behov for fleire tenester med god kvalitet på nett.
- Det er behov for å forenkle tilgangen til kvalitetssikra informasjon for publikum og saksbehandlarar.
- Me må ha meir fokus på vinstrealisering og organisasjonsutvikling i våre IKT prosjekt.
- Me må ha betre samhandling mellom IKT verksemda og kommunane for å sikra effektiv ressursbruk både stader.

Strategiske hovudpunkt

All IKT-utvikling skal gjennomførast som organisasjonsprosjekt og ikkje som reine IKT prosjekt.

Me skal tilby sjølvbetjeningsløysingar til alle alltid (24:7). Løysingane skal fungera på alle dei mest brukte teknologiplattformane.

Me skal utnytta digitale kanalar som ein plattform for effektiv digital kommunikasjon mellom publikum og kommunane og for innbyggarkontakt mellom politikarar og innbyggjarar.

Me skal bruka Helsenettet for elektronisk samhandling.

Me vil og fortsetta å delta i innovative prosjekt på område der me kan hente ut gevinstar, og aktivt bruka løysingar for velferdsteknologi som ein del av tenestetilbodet. Løysingane skal vera basert på standardar og gjeldande IKT arkitekturprinsipp.

Me skal verna personopplysningar på ein måte som sikrar at dei ikkje kjem på feil hender eller utilsikta vert endra. Sensitive personopplysningar skal skjermast spesielt. Samtidig skal me sørge for at den einskilde sin rett til innsyn vert ivareteken.

Hovudsatsingsområde Digital Dialog.

Stortingsmeldinga Digital agenda for Norge peikar på at nettbaserte tenester skal vera hovudregelen for forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Vidare står det at tenester som er eigna for det, skal vera digitale. I regionen vil me difor i strategiperioden ha fokus på utvikling av brukarvenlege og attraktive tenester til publikum, samstundes som me effektiviserer støtteprosessane.

Status

Våre brukarar vert i dag tente av heimesider med informasjon, i ulik grad av sjølvbeteningsløysingar, og sentralbord. Det er dessutan ei utfordring at informasjon i våre IKT-løysingar ikkje er lett tilgjengeleg for brukarar eller tilsette. Gjenbruk av data er også utfordrande, med det resultat at me til dømes må be brukaren leggje inn data på nytt kvar gong.

Mål for satsingsområde Digital Dialog

- Kommunane skal utvikla effektive digitale teneste som gjer det mogleg for innbyggjarar og næringsliv å løyse sine oppgåver sjølv. Det er vår ambisjon å:
 - **forenkla**, som handlar om å gi enkeltmennesket innsikt i prosessar, resultat og prioriteringar, enklare teneste og å kutte unødvendig byråkrati og kompleksitet.
 - **Forbetra**, som handlar om kvalitet. Det å løfte kompetansen og sørge for at den brukas der den trengs mest, slik at kommunanes tenester blir betre.
 - **Fornya**, som handlar om å jobbe smartare, betre samhandlinga og etablere samanhengande arbeidsprosessar ved å ta i bruk moglegheitene teknologien gir oss
- Kommunane skal nytta digitale kanalar inkludert sosiale media for å fremja dialog, auka informasjonsspreiinga, og saman med andre løysingar for å styrka lokaldemokratiet.
- Publikum slepp å registrera opplysningar som kommunane kjenner frå før.
- Kvalitetssikra informasjon er tilgjengeleg i system som heng saman og som er enkle å bruka for publikum og den einskilde medarbeidar.
- Alle våre tenester på nett skal tilfredsstilla krav til universell utforming.

Utvikling på prioriterte tenesteområde.

Helse, velferd og oppvekst og utdanning høyrer med til dei prioriterte områda i kommunane og utgjør den største budsjettposten. I tillegg er plan, bygg og geodata område som er viktige i arbeidet med å utvikla nye digitale tenester knytt til mellom anna betre innsyn og arbeid med å digitalisera kommuneplanar, kart og eigedomsoversikter.

Helse og velferd

Helse- og omsorgstenestene vil utan tvil endre seg mykje i dei kommande åra. Dette vil krevja bruk av ny teknologi. Teknologien sine viktigaste bidrag vil etter vår meining vera:

- Auka fridom og sjølvstende for brukar og pårørande
- Auka tryggleik for brukarar og pårørande
- Mogelighet for å bu lengre heime i eigen bustad
- Førebygging av og utsetjing av kommunale helse og omsorgsteneste. Lengre aktive
- Meir effektiv helse og omsorgsteneste

Status

Det er mykje aktivitet både i regionen og nasjonalt for å standardisera løysingar og med å sikra informasjonsutveksling for å støtte opp om ei heilskapleg handsaming av pasientane. Me har pilotprosjekt på omsorgsteknologi der ulike typar teknologi vert testa som ein viktig del i utviklinga av nye helseteneste. Det er og aktivitet i fleire kommunar knytt til utskifting og utvikling av alarmløysingar.

Trygt og effektivt tilgjenge til rett pasientinformasjon til rett tid ved hjelp av mobile løysingar er og under innføring fleire stader i regionen. For å sikra at vår utvikling og bruk av teknologi til å fremja betre helseteneste vert så effektiv og enkel som mogeleg, er det behov for å utvikla ein IKT-arkitektur for sektoren.

Mål for satsingsområde Helse og velferd.

- Vi skal bruka Helsenettet for elektronisk samhandling i sektoren.
- Helsepersonell kan registrera og få tilgang til helseopplysningar når dei er hos pasientane.
- Kommunane tilfredsstillar alle behov som kjem som resultat av at Nasjonal kjernejournal er teken i bruk i bruk i regionen.

Oppvekst og utdanning

Status

Kommunane har ein rekke system i bruk i skulane i dag. (Sjå vedlegg 1)

Det nokre utfordringar knytt til bruk av IKT løysingane i sektoren:

- Læringsplattforma It's learning er ikkje utnytta optimalt.
- Me utnyttar ikkje effektivt dei elektroniske moglegheitene i kommunikasjonen mellom heim og skule.
- Manglande integrasjon mellom dei administrative løysingane.
- Det totale omfanget av fagsystem, læringsverktøy, og evaluerings- og rapporteringsløysingar er stort, og effektiv utnytting og bruk av løysingane er krevjande.

I barnehagesektoren har me og utfordringar med at dei administrative løysingane ikkje er godt nok integrert. Vidare kan sakshandsaminga vera lite effektiv mellom anna grunna manglande og feil informasjon frå søkjarar.

Mål for satsingsområde oppvekst og utdanning

- Skule/heim samarbeidet er tufta på ein elektronisk dialog.
- Elevane får undervisning ved hjelp av nettbasert programvare og digitale læremiddel.
- Elevane vert vurdert digitalt.
- Alle barnehagane har tilgjenge til standardiserte planar ved å bruka iktplan.no
- Barnehagane har tilgjenge til nettbasert programvare og digitale læremiddel.

Plan, bygg og geodata.

Status

Kommunane i regionen nyttar både geodata og kartdata mykje i saksbehandlinga, men det er eit stort potensiale i å gjera desse prosessane enklare og meir effektive både for brukarar og saksbehandlarane. Difor skjer det mykje utvikling av nye prosessar og løysingar både i regionen og i regi av sentrale styresmakter. Kommunane er for eksempel godt i gang med å utvikla nye innsynsløysingar for publikum der informasjon frå sak/arkiv blir tilgjengelig i kommunekarta.

Dessutan vert det utvikla løysingar som forenkler sakshandsaminga på fleire område.

Kommunane har mange felles løysingar når det gjeld teknisk drift, men dette er eit område me til no ikkje har hatt mykje fokus på.

Mål satsingsområde Plan, bygg og geodata

- Kommunane har ein digital plan- og byggjesaksprosess som samhandlar med resten av forvaltninga og gjer det mogeleg for innbyggjarane og næringsliv å gjere mest mogeleg sjølv.
- Kommunane tilbyr gode innsyns- og kartløysingar.
- Kommunane har planer og løysingar for etablering, forvaltning, vidarebruk og deling av geografisk informasjon og kommunaltekniske fagdata.
- Kommunane har tatt i bruk kostnadseffektive eksterne teneste og mobile verktøy.

Satsingsområde IKT-fundamentet

Desse satsingsområda går på tvers av kommunane sine tenesteorienterte og lovpålagte oppgåver. Dei er område som har som formål å støtta dei lovpålagde oppgåvene. Dei bidreg til at kommunane driv effektivt og sørgjer for at partane sine rettar vert ivaretekne. Satsingsområda er:

1. Strategisk leiing og IKT
2. Kompetanse
3. Arkiv og dokumenthandtering
4. Personvern, teleplikt og informasjonssikkerhet
5. Arkitektur og standardar

Strategisk leiing og IKT

IKT skal vere eit verktøy i organisasjonsutvikling. Det er kommunane og ikkje teknologien som skal vere styrande for organisasjonsutviklinga i kommunane. Det er sentralt at det skal vera ei klår rollefordeling mellom kommunane og IKT-verksemnda. Kommunane har bestilla rolla inn mot IKTNH som står for innkjøp og avtaleforvaltning, og som driftar og forvaltar løysingane.

Status

Det er gjort mykje godt arbeid for å få etablert ei godt fungerande organisering av IKT-verksemnda i regionen. Samarbeidet mellom kommunane og IKT-verksemnda har til no mellom anna resultert i at regionen samla har kome eit stort steg vidare i sin bruk av IKT løysingar. (ref. prisar og positiv omtale både frå KS og IKT Norge). Erfaringane frå utviklinga i 2014 visar at det er behov for forbetringar og tydeleggjering av noverande organisering. Særleg er det behov for å utvikle betre prosessar for samhandlinga mellom kommunane og IK- verksemnda knytt til behovsavklåring, godkjenningsrutinar, prosjektforankring og ressursbruk. Me treng og i vår gjennomføring av IKT prosjekt ein klar standard prosjektmetodikk slik at me kan sikra at me får ønska vinst av dei prosjekta me gjennomfører.

Mål for satsingsområde Strategisk leiing og IKT

- Etablere effektive prosessar og ei klar rollefordeling knytt til utvikling, forvaltning og bestilling av IKT løysingar.
- Innføra standar metodar og god praksis for effektiv styring og gjennomføring av prosjekt og vinstrealisering.
- Me skal basert på organisatoriske, tryggleiksmessige, økonomiske og tekniske vurderingar, sørgja for integrasjon av aktuelle system slik at informasjonen enkelt kan flyta på tvers av system og tenesteleveransar.
- Kommunane i regionen har tilgang til relevante digitale styringsdata.
- IKT-prosjekt skal ved planlegging synleggjere vinst, og det skal leggest til rette for realisering av slik vinst i gjennomføringa. Undervegs i implementeringa og ved avslutting av prosjekt skal status for vinstrealiseringa gjerast synleg.

Kompetanse.

Politisk og administrativ leiing treng kompetanse for å ta gode strategiske val. Kompetansen hos dei tilsette i bruk av IKT er avgjerande for utvikling av effektive teneste og tenesteyting.

Status

Kompetansen knytt til bruk av eksisterande IKT løysingar er i stort tilfredsstillande, men det er viktig at alle kommunane sørgjer for å oppretthalda denne kunnskapen.

Me utnyttar ikkje fagkunnskapen optimalt når det gjelder utforming av nye løysingar og i IKT prosjekt.

I regionen har me til no hatt liten fokus på kompetanse om bruk av metodar i gjennomføringa av IKT prosjekt.

Mål for satsingsområde Kompetanse

- Det er etablert faggrupper med medlemmer frå alle kommunane på aktuelle fagområde.
- Fagpersonar er aktivt involvert i utforming av nye løysingar og i IKT prosjekt
- Fagkunnskap er dokumentert og utnytta til å levera effektive forvaltningsprosessar.
- Det er nødvendig kunnskap om prosjektstyring og gevinstrealisering i regionen.
- Alle kommunane har tilsette som kan gi innbyggerane og næringsliv støtte og opplæring i bruk av dei digitale løysingane.
- Alle kommunane i regionen har kompetanse om lovpålagde krav til personvern, teieplikt og informasjonstrygghet blant sine tilsette.

Arkiv og dokumenthandtering.

Status.

I regionen har me standardisert på bruk av WebSak løysinga frå Acos. Det var eit stort og omfattande prosjekt for å få dette på plass og enda er det nokre utfordringar knytt til løysinga. Dette gjeld særleg innan arbeidsflyt på områda byggesak og plansak, og funksjonalitet i møte-, politikarløysingane.

I stort har me søkt å standardisera på rutinar og malar, men er heller ikkje fullt i mål på dette. I tillegg er det nokre arkiv som ikkje er fullelektroniske.

Mål for satsingsområde Arkiv og dokumenthandtering.

- Kommunane tilbyr ein fullverdig innsynsløysing slik at tilsette, brukarar, partar og eksterne IKT- løysingar skal kunna henta ut relevante opplysningar frå arkivet.
- Kommunane skal ha ei forsvarleg dokumenthandtering innanfor alle fagområde, både når det vert gjort av kommunane sjølve og når dette vert gjort av andre som utfører oppgåver på vegne av kommunane.
- Kommunane har dokumentfangst og sikker arkivhandtering ved innføring av nye digitale løysingar og teneste på alle område og for alle system.
- Kommunane har sikre rutinar og prosessar for langtidsbevaring av kommunanes arkiv i arkivdepot, og at dokument som skal slettes slik lov og forskrifter krev, faktisk blir sletta.
- Kommunane har implementert NOARK 5-kjerne i alle løysingane som arkiverer saksdokument.
- Kommunane har tatt i bruk løysing for digital postutsending og digitalt postmottak.

Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik.

Bruk av mobil teknologi og trådlause nettverk utgjer eit trusselbilde som inneber ein større tryggleiksrisiko enn tidlegare. Bruk av IKT er og blitt ein naturleg del av kommunal tenesteyting, og på mange områder ein føresetnad for levering av tenester. Samtidig er kommunal tenesteyting basert på handsaming av store mengder personopplysningar og sensitiv informasjon. Behandling av slike personopplysningar er ein nødvendig føresetnad for at kommunane skal kunne utøve offentlig mynde og tilby tenester.

Status

I regionen vert det arbeid med å utvikla felles strategi og overordna reglar for IKT tryggleik. Dette er og ein viktig del av arbeidet med KF-Kvalitet. Me arbeider og med å få på plass ein felles tryggleiksarkitektur med løysingar for «single-sign-on» og for enklare administrasjon av tilgang til alle system. (AD)

Mål for satsingsområde *Personvern, teieplikt og informasjonstryggleik*

- Kommunane skal ta i bruk standard løysingar og tilbyr sikker pålogging for innbyggjaranesitt tilgjenge til eigne opplysningar via nettsidene. Skulane nyttar innloggingsløysingane og ressursane i Feide.
- Kommunane har effektive løysingar som sikrar at tilgjenge til system på ein effektiv måte vert etablert og avvikla etter behov.
- Alt arbeid med personvern og sikker informasjonsbehandling i helse og omsorgssektoren skal være basert på Norm for Informasjonssikkerhet.
- Kommunane skal ha databehandlaravtaler med alle aktuelle leverandørar og kundar.
- Kommunane skal ha forankra internkontroll i leiinga og styringssystem på plass.
- Alle tilsette har underteikna tryggleikserklæring

Arkitektur og Standardar.

Ein oversikt over arkitekturområda er beskrive i vedlegg 2. Verksemdsarkitekturen og forretningsarkitekturen er ikkje i fokus no og vil ikkje bli handsama i dette dokumentet. Dessutan er vår strategi på området tryggleik skildra i eige kappittel.

Status

Til no har vi i regionen arbeidd lite med arkitektur. Difor er det eit stort potensiale for forbetring på dette området. Ein god arkitekturdokumentasjon vil mellom anna hjelpe oss til å gjere innkjøp av utstyr og løysingar lettare og bidra til at dei enkelte elementa i våre løysingar blir ein del av ein heilhet der informasjon kan flyta mellom løysingane utan at me må gjera stor utvikling for å få det til. For å kunna løysa krava om digitalt fyrsteval er det avgjerande at me har etablert ein oversikteleg arkitektur.

Mål teknologiarkitektur

- Infrastrukturen er skalerbar, robust og standardisert.

- Skytenester skal takast i bruk når det er økonomisk gunstig og ikkje går utover krav til respons, oppetid og integrasjonar.
- Kommunane har ein grøn profil på sin bruk av IKT.

Mål og prinsipp for Informasjonsarkitektur

- Det er utvikla eit generelt arkitekturoversyn og særlege arkitekturdokument for Helse og omsorg og skulesektorane.
- Standardiserte løysingar skal veljast framfor proprietære løysingar
- Nasjonale og kommunale felleskomponentar skal nyttast når det er mogleg.
- Kommunane i regionen skal samordna alle sine Ikt- initiativ og planar og så langt som mogeleg standardisere sine IKT -løysningar for å legge til rette for auka og effektiv samhandling og ikkje minst, effektiv drift og forvaltning.
- Maskinvare som PC, skrivarar o.a. skal bestillast gjennom IKTNH. System- og programvare skal bestillast gjennom IKTNH og bør i størst mogleg grad baserast på ei felles vurdering og felles avtalar om innkjøp og drift.
- Digitale kanalar skal være tilgjengelege for alle, uavhengig av funksjonsevne.

Vedlegg 1: Oversikt over IKT løysingar i skulen.

Tabellen nedanfor gjer ein oversikt over kva for IKT løysingar som brukast i skulen av dei forskjellige brukarane.

Arbeidsoppgåve	Skuleleiing	Tilsette	Elevlar	Føresette
Administrasjon og effektivitet	Visma Flyt Skule, KF-Kvalitet, Visma IOP, Acos Sak/Arkiv, SMS, E-post	Visma Flyt Skule, KF-Kvalitet, Visma IOP, Acos Sak/Arkiv, Kartleggings- og vurderingsløysingar (Vokal), Nasjonale kartleggingsløysingar, Feide,	Heimesider, Visma IOP, SMS	Heimeside, E-post, SMS, Visma IOP
Læring		IT's learning (LMS), Digitale læringsressursar, Feide	IT's Learning, Digitale læringsressursar, Feide	IT's learning, Visma Flyt Skule
Tekniske løysingar	PCer, Nettbrett, Sing,	PCer, Nettbrett, Interaktive tavlar, AV-utstyr	PCer, Nettbrett,	

Vedlegg 2: Virksomhetsarkitektur

Utgangspunktet for vårt arbeid med IKT arkitektur er at den må henge saman med andre arkitekturområde for at teknologi skal brukast på ein fornuftig måte. Offentlig sektor har hatt fleire utredningar på dette området og staten har pålagt sine etatar om å følgje nokre arkitekturprinsipp som er relativt like dei arkitekturprinsippa som nå anbefalas for kommunar. Kommunal sjølvråderett er viktig, men har ført til at kommunane ikkje har vært så samkjørte som ønskelig innanfor IKT. Her har me nå fått nødvendig støtte frå KommIT og KS og det er også fleire lovendingar som inkluderer kommunane i å følgje same krav som staten, bl.a. forskrift om universell utforming. KommIT har over tid arbeidet med felles kommunal IKT-arkitektur. I juni 2014 publiserte dei «Visjon, ambisjon og strategi for felles kommunal IKT-arkitektur». I eit av notata har KommIT definert ulike arkitekturområder. Teikninga nedanfor gjer ein oversikt over arkitekturområda.

OMRÅDE	Definisjon
Virksomhetsarkitektur	Dette handler om hvordan virksomheten er organisert, arbeidsprosesser er satt sammen, og hvordan IT-løsningene utnyttes. Det omhandler prinsipper, metoder og modeller som beskriver dette i en helhet. Målet er at det skal sikre god sammenheng mellom arbeidsprosesser og IT-løsninger og unngå at systemer ikke snakker sammen.
Forretningsarkitektur	Sikre god sammenheng mellom virksomhetsstrategi, organisering og prosesser. Sikre gevinstrealisering av arkitektur med god portefølje -og prosjektstyring, samt målrettet gevinstrealiseringsarbeid med fagsiden
Informasjons- og systemarkitektur	Sikre semantikk, grupperinger og navngiving. Utarbeidelse av modeller og konsepter for informasjonsarkitektur. Sikre grensesnitt-standarder.
Teknologiarkitektur	Fokuserer på teknisk plattform og drift. Skal sikre en solid standard for infrastruktur, mellomvare og nettverk for norske kommuner. Skal legge godt fundament for effektiv IT-drift.
Sikkerhetsarkitektur	Utarbeide gode prosesser og rutiner for sikkerhet. Fokuserer på sikkerhetskomponenter og krav til sikkerhet som bør være likt på tvers av norske kommuner

